ISSN 1892-5103

STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 4 | August 2013 | 124. ÅRG.

Kystlandskap på Vestlandet.
Foto: Red.

Talent

Av Ivar Molde

"Talentpris til ung gitarist" var eit greitt mediaoppslag. Liknande finst det mange av. "Talent" er eit slikt ord som stadig dukkar opp. Han eller ho har talent, seier me. Talentspeidarar ser etter born og ungdomar som syner evner noko utanom det vanlege. Det kan vera innan idrott, musikk eller på andre felt. I næringsliv og politikk går dei gjerne på talentjakt, plukkar ut og «dyrkar fram» sine folk.

"Talent" er altså eit slikt ord som høyrer daglegtalen til. Det er eit helst mykje nytta ord. Kan henda dei færraste veit kvar det kjem frå. Men ikkje heilt uventa: Det kjem frå Bibelen, dette og. Opphavleg var "talent" ei mynteining, ei nemning på ein svært stor pengesum. Noko heilt konkret: ein talent/talenten. No er det mest eit ord i inkjekjønn: eit talent/talentet.

I Matteus 25.14-30 kan me lesa likninga om talentane. Ein mann skulle fara utanlands, fortalde Jesus. Han kalla til seg tenarane sine, overlet dei alt han hadde. Slik synte han dei stor tillit. Ein gav han fem talentar, ein annan to, ein tredje ein talent – "etter som kvar dugde til". Dette siste kan vera eit viktig poeng å ta med seg. Det dei ulike tenarane fekk å ta hand om, stod altså i eit samsvar med kva dei i utgangspunktet "dugde til". Eller, som på bokmål: "etter som hver enkelt hadde evne til". Dei fekk seg tildelt ressursar og utfordringar - ikkje over evne, men nettopp etter evne.

Den kristne trua set livet vårt inn i ein stor samanheng. Skapte og utrusta er me av Gud, kalla til å nytta evnene våre under synsvinkelen: Guds medarbeidarar. Det eg får å ta hand om, er såleis ikkje å sjå på som berre mitt eige. Det er gåve, eller, om du vil: eit lån! Gud er eigaren, Gud som gav oss livet. Ingen av oss er me han uvedkomande. Kalla er me til å sjå livet som ei teneste for Gud og medmenneske. Det må då vera eit stort, ja,- eit særs meiningsfylt perspektiv! Og noko heilt anna enn den egokulturen som no tykkjest gripa om seg.

Men då eigaren (er lik: Gud) kom heim, ja,- då laut dei svara for seg, desse tenarane – for korleis dei hadde brukt det han gav dei. To av dei hadde sett talentane sine i omlaup, auka kapitalen. For dette fekk dei ros. Tredjemann hadde berre gøymt han bort. Eigaren fekk talenten sin uskadd attende. Dette var likevel ikkje godt nok. Tunge fall domsorda. Her kan ein gjerne undra seg: Kva er no dette? Korleis forstå ei slik likning med tanke på personleg, praktisk liv og forvaltarskap? Korleis innretta meg – heilt konkret? Her er det ingen eintydig fasit. I alle fall: Det ligg eit alvor i tekstordet. Spørsmålet er: Korleis gjer eg bruk av gåvene Gud gav meg? Åndelege gåver? Ja, det kan henda. Men i ei vidare meining: liv og evner, tid og krefter, pengar?

Midt i alvoret - lat oss framfor alt halda fast på det som her er utgangspunktet: at Gud deler ut av gåvene sine til oss menneska. Lat oss då ta dei i bruk, kvar av oss med sine talent. Slik Gud har skapt og utrusta oss - ulike, men likeverdige. Og lat oss gjerne heia kvarandre fram, oppdaga, gle oss både over eigne talent og dei andre sine. Må det så få tena Gud til ære, oss til gagn! Ikkje berre meg, men oss! Og - som det heiter i eit songvers: «Hvilken fryd om en dag Herren sier til deg: Hva du gjorde, du gjorde mot meg»!

Takk til Berit Torp

I 18 år har Berit Torp vore forretningsførar for Stille Stunder. No har ho bede om avløysing. Det er ei avgjerd som bladstyret lyt retta seg etter.

Ho har vore ein pliktoppfyllande og engasjert kasserar! Prikkfritt, og med flid og trott har ho ført rekneskap etter rekneskap!

I mange år arbeidde Berit som rekneskapsførar i Hordaland Bondelag, og med ein slik bakgrunn hadde ho solide føresetnader for kasserararbeidet i Stille Stunder.

For 12-15 år sidan var økonomien til Stille Stunder krevjande, men dei siste 10-12 åra har tingartalet auka og økonomien stabilisert seg. Me veit at Berit gledde seg over framgangen og ofte kom ho med oppmuntrande tilbakemeldingar: «Fire hundre nye tingarar; heilt utruleg!»

Redaktør, forretningsførar og bladstyre har vore eit arbeidslag, og når Berit no gjev seg som forretningsførar, vil me takka henne for den store innsatsen som ho har lagt ned for bladet.

Knut O. Dale, formann i «Foreininga Stille Stunder»
Ivar Molde, redaktør for bladet Stille Stunder

Rolf-Atle Rolfsnes ny forretningsførar for Stille Stunder

Berit Torp bad om avløysing som forretningsførar for Stille Stunder, og i ein bolk kjende me i styret oss noko opprådde: Kven kunne ta over rekneskapsføringa?

Men me har vore heldige, for Rolf-Atle Rolfsnes har takka ja til å ta over kasserararbeidet. Han er utdanna cand.mag. i realfag, og i mange år arbeidde han som lærar på Odda vidaregåande skule. Faga hans var for det meste matematikk, data- og økonomifag. I dag arbeider han som IKT-konsulent på Fitjar vidaregåande skule.

Me kjenner oss overtydde om at Stille Stunder no har fått ein dugande forretningsførar, og ikkje minst trur me at datakunnskapen til Rolf-Atle vil koma bladet til gode.

Knut O. Dale

STILLE STUNDER

Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Rolf-Atle Rolfsnes,
Bakken 2, 5419 Fitjar.
Tlf.: 915 13 024.
E-post: rolfatle.rolfsnes@haugnett.no

Bladet kostar kr 150,- pr år
Postgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, formann
Lærar Borghild Melve, Prest/statsstip Nils-Aksel Mjøs, Sokneprest Ådne Skiftun. Kyrkjeverje Ingvard Teigland
Redaktør: Sokneprest Ivar Molde, 5704 Voss
Tlf.: 56 51 23 25 / 993 53 145
E-post: ivarmolde@hotmail.com
Forretningsførar: Rolf-Atle Rolfsnes
Utgjevar: Foreininga Stille Stunder
Trykk: Sunnhordland, Stord.

Camilla Collett har 200-års jubileum

Av Nils-Aksel Danbolt Mjøs

Søstera til nasjonaldiktaren Henrik Wergeland var fødd 23. januar i 1813. Bestefaren hennar var klokkar i Hosanger, Osterøy. Camilla derimot, som levde fram til 1895, budde mest på Eidsvoll, i Oslo og ute i Europa. I jubileumsåret for kvinneleg røysterett bør ein ikkje gløyma at Camilla var mellom dei første kvinnene i landet vårt som sette fokus på dette.

Camilla Wergeland vart i 1841 gift med bygdeguten Peter Jonas Collett, som utdanna seg til jusprofessor. Tidlegare hadde ho alt frå 16-års alder hatt eit langt, intimt venskap med diktaren Johan Sebastian Welhaven, noko både broren Henrik og faren Nicolai mislikte. Ekteskapet med Peter Jonas varde berre i ti år, i 1851 døydde han. Camilla sat att med ein liten pensjon. «Det verste av alt for en kvinne, er å bli enke», skreiv ho då. Dei fekk likevel fire søner.

Camilla hadde fått mykje støtte av Peter Jonas: Han var einig med Camilla i synet hennar på røysteretten, at denne burde vera for begge kjønn. Og også i at kvinner burde få gje ut bøker og skrifter under eige namn - ikkje under psevdonym, som var det vanlege då. Det var ikkje nok at kvinnene var omtala med namn i Bibelen og at Jesu mor og andre er omtala i salmebøker. Unntaksvis hadde Dorothe Engelbretsdotter fått 2 salmar inn i Pontoppidans salmebok, som kom ut i 1740. Og Birgitte Boye fekk inn 147 salmar i Guldbergs salmebok, som kom ut i 1778. Den var i bruk i Gjerstad, Haus og Arna før 1870. Men kvinner skulle spela ei underordna rolle offentleg.

Camilla gifte seg aldri opp att og måtte lata slektningar oppdra tre av dei fire borna sine.

Faren, Nicolai Wergeland, hadde barndomen sin i Mjøsdals-krinsen på Osterøy. Faren hans igjen var klokkar der, han kom som innflyttar frå Lindås. Etternamnet kjem frå garden Verkland i Gulen i Ytre Sogn.

Men Nicolai måtte ut for å gå på skule. Først til Bergen, på fattigskolen og på Bergen Katedralskole, der namnet hans heng på heiderstavla. Så bar det til København for studier. Nicolai vart prest og var med på riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814, innvald frå byane på Sørlandet.

Eldstebroren var Henrik, til saman hadde Camilla tre brør og ei søster. Søstera Augusta blei gift med presten Vedøe i Suldal, Ryfylke.

Bøkene til Camilla kom først ut anonymt. I «Amtmandens Døttre», ein to-bindsroman frå Nord-Norge som kom ut midt på 1850-talet, seier ei av dei fire døtrene i forteljinga at «vår skjebne er at giftes bort». Kanskje livet som ugift kvinne hadde vore betre? Dette blei den einaste romanen ho skreiv, men det finst mykje anna etter henne. I erindringsboka «I de lange Nætter» (1862) skriv ho om korleis det er å missa ektemannen. I «Optegnelser fra ungdomsaarene» skriv ho om tilhøvet til Welhaven. Ho var eit skrivande menneske gjennom heile livet. Først i 1930 kom dagbøkene hennar ut i 4 band.

Camilla hadde vore elev ved ein herrnhuttisk folkehøgskule i Haderslev, Danmark, der ho blei kjend med ein varmhjarta, personleg kristendom, medan «den kalde fornuft»-kristendomen elles rådde i Danmark-Noreg. I alderdomen vende ho attende til si barndoms- og ungdoms kristne tru.

Forfattarinna blei i moderne tid heidra med eit portrett på 100-kronesetelen som var i bruk mellom 1979 og 1997. Ho ligg gravlagd på Vår Frelsers gravlund i Oslo.

Forf. er statsstip. og medlem av bladstyret vårt. Ei tidlegare utgåve av art har vore prenta i Kyrkjehelsing, Osterøy.

«Å, kor djup er Herrens nåde»

Av Harald Myklebust (høgskulelektor NLA H)

Kven vert ikkje gripen av denne sterke salmen som kom til oss på 1970-talet, mellom dei mange nye og gode salmane som professor Arve Brunvoll ved NLA H omsette frå øyriket i vest? At den fekk ein "fengande" tone gjorde sitt (NB: på ein tyrolarmelodi!). Og til eit 3-stemmig arr. vart den flittig brukt rundt om i ulike skule- og ungdomskor, delt opp i 3 4-liners vers og omkvede på 4 liner. Det var den svenske Britt Hallqvist som fekk denne kombinasjonen til å fungere.

Så kom den inn i Salmeboka i -84 og fann fort sin plass mellom "topp-10" til bruk ved gudstenester og andre kyrkjelege samlingar. Her er salmen med 2 vers på 8 liner kvar. Men kvifor på ein "lett" tyrolarmelodi ?

Lat oss gå tilbake til året 1862: Då såg denne salmen dagens lys, forfatta av den katolske presten, Fredrick William Faber, og det på 13 vers ! Etter kvart vart den redusert til 7 vers. Pga versefoten som er nytta, kan den ha hatt fleire melodiar. Kvifor har vi ikkje fått den hit i ein engelsk tonedrakt, som dei fleste av Brunvolls omsette salmar har?

Kantor Harald Holtet i Birkeland kom over eit gjennomkomponert verk for kor og orgel av Maurice Bevan ved St. Paul Cathedral, her med originalteksten på 3 vers a 8 liner. Han utfordra Arve Brunvoll til å ta med dette 3.verset, som Brunvoll sjølv kallar "sjølvforfatta", men prøver å finne kvintessensen frå dei mange versa som salmen opphavleg hadde. Og for eit vers:

I Guds kjærleik er ein visdom
ingen tanke kunne nå.
I hans vanmakt er eit velde
inkje auga kunne sjå.
Det som ingen ville akte,
det har Herren valt seg ut.
Der den vise vert til skamme
der skal trua kjenne Gud.

Dette verset uttrykkjer det paradoksale i Guds kjærleik... "i hans vanmakt er eit velde..." eit treffande ordspel! Brunvoll har smetta dette inn som eit 2. vers i ein verknadsfull kor a cappella-sats.

Sidan dette verset først har kome fram for knapt 2 år sidan, har det ikkje kome med i slutthandsaminga av den nye salmeboka.

Dei to versa som frå før står i Norsk Salmebok, lyder slik:

Å, kor djup er Herrens nåde -
som eit hav, så djup og vid!
Å, kor kjærleg er hans rettferd,
som kan meir enn gjere fri!
Det er ingen som kan kjenne
våre sorger slik som Gud,
ingen domar som så venleg
slettar brot og synder ut.

Det er rikeleg forløysing
i vår Jesu dyre kross.
Det er song og evig glede
i det blod som rann for oss.
Og vart hjarta fylt av kjærleik
ved vår tru på ordet hans,
då vart livet til ein stråle
av Guds herlegdom og glans.

Då landsmålet vart kristna

Av Jon Tvinnereim

Forf. har hatt sitt yrkesfaglege liv m.a. knytt til Høgskulen i Volda og til Møreforsking. Han har vore aktiv i målrørsla og mykje framme både i tale og skrift. I 2012 fekk han Målprisen frå Sunnmøre Mållag.

Artikkelen som her vert prenta, kan reknast som ein klassikar innan emnefeltet. Art. vart opphavleg publisert i Syn og Syn i 1973. Når han her vert prenta på nytt, er det med godkjenning frå tidsskrift-redaktør og forf. Ein avsluttande del vil koma i neste nummer.

– red.

Vestlandsfanden

Sidan Nils Kjærs dagar har målsaka gjerne vore kopla saman med fråhaldssak og indremisjon. Dette er ein kombinasjon som ikkje berre finst hos Vestlandsfanden.

For nokre tiår sidan var det vanleg – i alle fall på Vestlandet – at framståande målfolk også kjempa for fråhaldssaka og kristendomen. Målmannen, fråhaldsmannen og indremisjonsmannen var gjerne også venstremann, og ettersom Venstre i størstedelen av 1900-talet allment har vore sett på som eit moderat borgarleg parti, har målsaka også fått eit ikkje-radikalt preg.

Ja, motstandarane har til dels sett på kampen for nynorsk mål som reaksjonær politikk.

Fritenkjarmålet

Sett mot denne bakgrunnen kan det verke nytt og merkeleg at den organiserte målrørsla i seinare tid har vorte politisert og har fått brei støtte av venstre-radikalarar.

Men dette er ikkje noko nytt fenomen. Målsaka var tvert imot opphavleg ei grein av den politisk radikale bondereisinga, og mange av dei leiande målfolka var sterkt prega av den kulturradikale rørsla i 1870-80-åra. Det er nok å nemne namn som Arne Garborg, Ivar Mortensson Egnund, Olaus Fjørtoft og Rasmus Steinsvik. Så seint som ikring 1905 var det markert samanheng mellom målsak og politisk radikalisme både i hovudstaden og utover landet. (Jfr. Kjell Haugland: Striden kring sidemålsstilen. Oslo 1971).

Det store gjennombrotet for målsaka kom frå 1890-åra og framover. Då fekk landsmålet etter kvart innpass i skule, kyrkje og offentleg bruk elles. Og først då ser det ut til at det vart akseptert av breie lag i folket.

Tidlegare hadde målrørsla i store delar av Vestlandet vore sedd på med mistru og skepsis. På Sunnmøre kan vi lese av dette omskiftet i mange kjelder. Ei dagbok frå 1872 (av Per Riste) fortel om til dels sterk motvilje mot målsaka i Ivar Aasens eige distrikt, og Anders Hovden skriv i «Attersyn» at då han var heime i Ørsta i 1880-åra, var «folk flest» imot landsmålet. «Fritenkjarmålet» kalla dei det.

Tjue år seinare skriv dr. Hans Reusch: «Søndmør er nu at regne for landsmaalets faste og uindtagelige borg, og fra denne kant af landet griber det videre om sig i folket…Lidt efter lidt er maalstrævet blevet en verdslig religion for den aandelig interesserede ungdom paa Søndmør og viden udover».

Omskiftet i 1890-åra

Det har vore lagt stor vekt på at gjennombrotet for landsmålet kom som ei følgje av den nasjonale bølgja som gjekk over landet frå 1890-åra – og spesielt ikring 1905. Dette er ei rimeleg forklaring, men mykje tyder på at biletet kan utfyllast.

Særleg er det ein faktor som ikkje bør gløymast i denne samanhengen: Medan dei spesielt kristeleg interesserte i 1870-åra kjempa mot målstrevet fordi det var «fritenkjersk», gjekk mange av dei frå 1890-åra aktivt inn for målsaka. Ei rad av

dei mest framståande prestane og lekpreikarane på den tida vart målmenn: Bernt Støylen, Peter Hognestad, Anders Hovden, Ludvig Hope og fleire.

I Volda på Sunnmøre kom det i slutten av 1880-åra ut to målblad, det radikale Vestmannen med Rasmus Steinsvik som skriftstyrar, og Stille Stunder, som pastor Johannes Barstad skreiv og redigerte saman med prestane Bernt Støylen, O.K. Grimnæs og Halvdan Møller.

Gjennom desse blada får ein eit inntrykk av målstrevet på Sunnmøre kring 1890. Her er det spesielt interessant å studere korleis og kvifor dei kristne leiarane i Volda går over frå passiv motstand til aktivt arbeid for målsaka.

Vestmannen

Vestmannen kom ut frå hausten 1887, og debatten om dei aktuelle samfunnsspørsmåla kom straks i gang. Steinsvik plasserte straks Vestmannen yttarst på venstrefløya politisk, og gjekk til harde åtak på Johan Sverdrup og «kaninane». For mange tydde dette det same som å stelle seg på fritenkjarane si side. Dette inntrykket vart styrkt då Vestmannen sterkt kritiserte utslaga av den store vekkinga som gjekk over Sunnmøre.

Dermed var det første målbladet i Volda kopla saman med både kulturell og politisk radikalisme, og motgangen og mottiltaka melde seg snart. Talet på tingarar gjekk så sterkt ned at det vart uråd å halde fram.

Sjølvaste Bjørnson prøvde å hjelpe til med å skaffe pengar, men det nytta ikkje, og Steinsvik flytta til Tynset og slo Vestmannen saman med Fedraheimen. Ved stortingsvalet i 1888 vart den gamle Volda-hovdingen Maurits Aarflot, som var moderat venstremann, kasta. Vestmannen hadde gått sterkt imot Aarflot i valkampen, fordi han stod på Johan Sverdrups side.

Aarflot hadde ikkje støtte i noko lokalt presseorgan på den tida, men like etter valet kom Ugebladet ut, m.a. med det føremålet å arbeide for «frisinnet fremskritt» og å stø «den gamle venstrepolitikk». I Vestmannen blir utgjevinga av Ugebladet straks tolka som mottiltak mot dei som «vaavede at trodse slægten» (Aarflot-slekta).

No vart ikkje Ugebladet noko forum for politisk debatt slik Vestmannen var, men stoffutval og kommentarar syner tydeleg kvar det stod i det politiske biletet: Dei «reine» og Vestmannen var hovudmotstandarar, og ankemålet mot dei var at dei var ukristelege. Det er nok rett at det nye bladet til dels var skapt for å motarbeide Vestmannen.

Stille Stunder

Pastor Johannes Barstads kristelege målblad, Stille Stunder, som kom ut i Volda frå våren 1889, er eit endå meir openlyst forsøk på å motverke Vestmannen og det religiøse frisinn den representerte. Dei religiøse leiarane ville gjennom Stille Stunder arbeide innanfor målrørsla.

Etter bladstyrarens eiga utsegn er det omsynet til ungdomen som veg mest som motiv bak det kristne målarbeidet: «Det er dei unge som litt um senn fyller Maalfylkingen, og det er difyr den unge, som mest stend i Faare for aa verte utskjemd av det fritenkjeri, som mange Maalblad og Maalbøker vil smugle inn». Stille Stunder vil vere med og bøte på dette: «Me tykkjer, det er ei ovstor Ulukke, at Maalet vaart skal verta brugt mest berre til aa tolka Verdslegdom og Fritenkjeri. Me vilde vere med aa reisa ein kristeleg Bokavl paa Morsmaalet i Landet».

Men det er ikkje berre taktiske omsyn bak arbeidet for målrørsla hos dei kristelege. Dei kristne målmennene i Volda meinte etter kvart at ein burde bruke landsmålet i forkynninga utan omsyn til kva målrørsla elles stod for. Når somme kristne hevda at det var «svivyrdsleg aa nemna dei heilage Ting paa eit sodant Kvardagsmaal», svarte bladstyraren: Det gjeld «aa rydja den Vegen og opna den Dyri, som mest endefram leider inn til norske Hjarto, istadenfyr aa kringa og krika seg fram gjennom den Umveg, som eit framandt Maal alltid er, kor nærskyldt det elles kan vera» (Stille Stunder 19. oktober 1895).

Framhald i neste nr.

Ivar Aasen – diktaren

Av Signe Seim

Eg heve freistat so einkvan gong
om sjølv eg stev kunde gjera;
men sjeldan fekk eg so min
song som helst han skulde vera.

Dette seier Ivar Aasen om seg sjølv, og me skjønar han hadde ikkje så stor tru på seg sjølv som diktar. «Jeg har ikke villet gi mig ud for nogen Digter,» skreiv han i eit brev i 1885. Då hadde han alt skrive dei fleste av dikta sine, men likevel hadde han vanskeleg for å tru at «de rette Digtere ville ansee mig som en af deres Jævnlige».

Difor ville han vera anonym når dikta hans vart prenta. Men etterkvart skjøna folk kven diktaren var. Berre Ivar Aasen kunne skriva «på eit slikt mål», som folk sa. I ungdomen skreiv han på dansk, men då han i vaksen alder tok til å skriva for alvor, brukte han landsmål.

Aasen kalla dikta sine for «visor og vers». Han brukte også å seia at han ville «kveda eller syngja». Men han sette store krav til dikta sine, anten dei skulle syngjast eller lesast.

Dersom folk skulle ha glede av det han laga, måtte dikta vera gode. Det visste Aasen, difor var han svært kritisk når han skreiv: - «til klena visor dei segja nei, dei ropa berre paa goda».

Og folk fekk det dei ynskte seg. Aasen sine songar og stev vart lærte og nytta så fort dei var prenta. Han skreiv om ting som alle kjende til, om glede og sorg, lukke og sut, om heimen, bygda og naturen. Versa hans var lette å læra. Aasen brukte vanlege ord og seiemåtar, difor skjøna folk versa hans, og snart vart songane brukte i heim, skule og ungdomslag. Dette verset kunne godt høva på Aasen sjølv:

Heppen den, som var so hæv
at slik ei gåva han åtte
og kunde gjera so gilde stev
at folket læra deim måtte.

Aasen gav ut eit skodespel som heitte «Ervingen». Der stod mange av dei steva og songane folk likte så godt.

Seinare kom diktsamlinga «Symra». Den hadde Aasen arbeidd med i mange år før han tykte ho var god nok. Det var ei lita diktsamling, og lite vart det skrive og sagt om henne då ho kom ut. Men diktaren J.S. Welhaven sa då han hadde lese denne boka: «Vi har en stor Digter iblandt os, en virkelig stor Digter, som ingen taler om». Om diktet «Dei gamle fjell i syningom» sa han: «Se, det er et Digt! Men saa er det ogsaa et Sprog at digte i. Den, som havde kunnet være Digter i et slikt Sprog!»

Teikna av Hans Uthuslien.
Kjelde: www.aasentunet.no

I «Symra» finn me og dikt om livet, om heimen og grenda, om kjærleik og einsemd, om naturen og naturopplevingar. Det var alle desse tinga Aasen likte å skriva om.

Han kalla diktsamlinga si «Symra», denne blomen som mange stader heiter kvitveis og som kjem tidleg på våren. Aasen meinte gjerne at dikta hans skulle vera ein vårblom, eit teikn på at snart ville det koma fleire og større blomar. Slik vart det og. «Symra» var den fyrste

Klokkartru

Av Oddlaug Molland

Kva tenkjer du på når du høyrer ordet: klokkartru? Er det eit slag «patent-medisin» som verkar 100% til alle tider?

Når det gjeld trua på Gud, så har me det godt om den er trygg og solid. Alle som har fått ei grundig opplæring heilt frå tidleg barndom, har godt grunnlag å byggja på. Då kan Anden skapa trua i oss. Difor er det så vondt å høyra når folk avviser den kristne læra utan å vita kva det dreiar seg om. Mange kjem med grunnar som heller minner om Islam enn kristendommen. Eller dei trur me lever etter eit sett bod og reglar for å gjera oss fortent til det evige livet. Det syner berre kor dårleg det står til med kunnskapen.

Kva kjem så det av? Ein av grunnane kan vel vera at negative haldningar frå vaksne til kristendomsfaget (som det før heitte) har smitta over på borna. Dei er ikkje store før mange av dei tykkjer det er flaut å snakka om Jesus. Kva så med dei som har vore haldne borte frå undervisninga? Det heiter at dei skal få velja sjølve når dei vert vaksne. Korleis kan dei velja noko dei ikkje har kjennskap til? Då får trua magre vekstvilkår.

Men kva så med oss som har fått eit godt grunnlag og ei levande tru? Let me nestekjærleiken leia oss og visa veg? Eller vert me meir og meir like farisearane? Dei som var så nøye på formene at det mest måtte vera uråd for nye, søkjande menneske å få innpass mellom dei...

Visst må trua vår vera grunna på vedkjenninga. Dei ti boda er også framleis aktuelle. Men lat oss ikkje laga oss tilleggsbod der skikk og bruk tel like mykje. Lat det vera plass til ulike meiningar der Bibelen ikkje set klåre grenser.

Gud har skapt stort mangfald og frodig ulikskap mellom oss. Det ville vera synd å pressa alle inn i same forma. Me må ikkje la småleg misunning få rom – men nøra og styrkja truslivet åt kvarandre alle stader der me ser slike livsteikn. «Spede spira lyt få stå,» heiter det. Me må ikkje trakka ned spirande liv, og knusa det med sur kritikk. Lat oss gje trua både i oss og omkring oss gode vokstervilkår og rikeleg næring. Då kan trua veksa seg sterk og stø, og bli, som Ivar Aasen uttrykte det: «...ei tru som trøysta og styrkja vil i myrke, stormande stunder».

Oddlaug Molland bur i Luster i Sogn. Dette stykket (og fleire, som seinare kan koma) har før vore prenta i det lokale kyrkjelydsbladet. Forf. var i den tida kyrkjelydssekretær i Luster.

- red.

diktsamlinga som var skrive på landsmål. Sidan kom det fleire diktarar som brukte det nye norske skriftmålet. Såleis fekk Aasen si «Symra» fylgje av fleire liknande blomar!

Symra teiknar til sumars bil
om våren tidleg ho blømer,
men fleire blomar må koma til,
når kulden or markom rømer.

Frå emnehefte om Ivar Aasen, tekster og oppgåver for grunnskulen ved Signe Seim. Utgjeve av Noregs Lærarmållag 1978. Eit stykke om «målgranskaren» frå same heftet stod i førre nr. av bladet.

Me kan elles minna lesarane våre om at Ottar Grepstad no er komen ut med ny, stor bok om Ivar Aasen – eit verdifullt tilfang i jubileumsåret.

- red.

Vatn - opp, og mest ned

Av Kari Leine Balog

Dagen er sur som eddik og det regner og regner og regner. Det dryp frå greiner og blad, jorda er sølete og sleip å gå i. Det er freistande å ta det med ro inne, men det går an å kle seg skikkeleg og gå ut likevel. Det går an å ta risken på å verta våt, og valen på fingrane. Så lenge eg har støvlar og regnklede og eit varmt hus å koma tilbake til, er det inga sak. Då kan eg gå ut og tola vatn både her og der.

Krinslaupet i naturen, som vi lærde om i tredje klasse på barneskulen, utspelar seg rett ned mot hetta på regnjakka mi. Vi lærde om sol, vind, skyer, regn og snø. Vassdamp opp, regndrope ned. Vassdamp opp, regndrope ned. Eg teikna dropane som sprang i full fart opp i lufta for å finna ei sky og regna ned att. Vatnet er noko av det mest mangfaldige, mest naudsynlege og mest allestadnærverande som finst. Ikkje berre at det plaskar ned frå skyene, det strøymer alle stader både utanfor meg og inni – i kroppen er det meir vatn enn noko anna.

Det opptrer i mange fasongar og fylgjer naturlover av spesialtilpassa design. Isen flyt opp som ei anna kjerringa mot straumen. Om sommaren er vatnet gjennomsiktig. Om vinteren er det kvitt eller gjennomsiktig. Det tristaste vatnet er grått og nesten ikkje gjennomsiktig.

Så lenge det går an å koma trygt inn att og tørka seg, har ein regnverstur absolutt sin sjarm. Det er noko levande med å gå her i det våte. Det er noko ekte, noko skjer. Marka syg vatnet i seg og skal nok greia å bruka det. Det vesle myra vert ei utfordring for gummistøvlane; svupp, svupp, eg må ta ein omveg i tett kratt og vert våt på buksa. Gevinsten er at eg kryssar vegen til ein liten frosk, han kravlar og hoppar febrilsk når han oppdagar meg, men eg får betrakta han ei stund, og synest han er flink der han kavar seg fram i uvegsamt gras. Endå flinkare er han når han er i sitt rette element og sym av garde med dei lange bakbeina. Alltid jaktar han på mat, og alltid risikerer han å verta mat sjølv.

Slett ikkje alle liknar froskane som utfaldar seg best i regnet. Mange likar ikkje å verta våte. Men eit landskap utan vatn er som eit ansikt med attlatne auge. Sovande, ventande. Blindt. Vatn og liv høyrer saman. Og vatn og død høyrer saman. Hadde vatnet fått regjera fritt her på jorda, hadde alt vore kaos og død, som

Colourbox.com

i Syndfloden.

Eg vert våt i håret av regnet, det heng i tunge tjafsar nedover panna og sender store dropar til brilleglasa. Det slår meg at eg har fått rennande vatn i hovudet før. Innadørs, i ei kyrkje, og eg var liten. Vatnet i dåpen symboliserer både død og liv. Drukning, fødsel og vasking.

Regnet sluttar omsider. Då er det godt å vera ute! Det luktar så nyvaska og skin av forfriskande livsvilje. Eg skimtar skoddedottane lenger nede i dalen og skyene, som både seglar høgt på himmelen og speglar seg i vasspyttane. Vatnet gjev dybde til godveret og.

Frå boka «Vandring med sopp og sjel» (Luther Forlag 2006).

Bøker til redaksjonen

Steintre er ei novellesamling av den islandske forfattaren *Gyrdir Eliasson.* Samlinga kom ut i 2003, men vart omsett til norsk fyrst i 2012. Av same forfattar kom året før på norsk ei anna bok, **Mellom trærne** (2009). Ei novellesamling, det og. For denne fekk han dette året (2011) Nordisk Råds Litteraturpris. Forfattaren, fødd 1961, har elles gjeve ut ei rekkje bøker, både romanar, dikt- og novellesamlingar.

Steintre inneheld i alt 25 forteljingar. Frå ein kvardagssituasjon vert lesaren teken med på ulike vandringar i tid og rom. Ein kan gjerne seia det slik at lesaren her vert engasjert som ein med-diktar. Med utgangspunkt i det konkrete er det rom for ulike tolkingar. I undrande ord kan det opnast opp for ei verd – attom orda.

Boka ligg føre i nynorsk omsetjing ved Oskar Vistdal. Det er stor breidde i ordtilfang. Boka er send oss av Gudmund Harildstad.

Gyrdir Eliasson: Steintre. Bokvennen 2012.

Takketonar er tittelen på endå ei bok av romsdalingen Einar Helde, no i sitt nittiande år. Dette er den sjette diktsamlinga han gjev ut på eige forlag og for eiga rekning. Boka inneheld nye åndelege songar og dikt. Her er også denne gongen ein bolk med gjendikta og omsette salmar og songar. Nytt i denne boka er nær seksti sider med prosatekstar om kulturarven vår. I denne bolken deler forfattaren kunnskapar og tankar over eit nokså vidt emnefelt. Her er mykje frå litteratur og åndsliv, visdomsord frå ulike land - pluss meir lokale fyndord frå Indre Romsdal! Særleg i den avsluttande bolken «I storm og strid» tek dikta opp ulike kvardagsemne. Både her og dels elles i boka kjem personlege meiningar og syn på saker tydeleg til uttrykk.

Me tek her inn ein av dei eigendikta salmane. Boka kan elles tingast hjå forf.: 6460 Eidsvåg i Romsdal, tlf. 71 23 26 48, pris kr. 100.-

Einar Helde: Takketonar – I von og tru. Eige Forlag, 2013.

Eg vil så gjerne min Skapar love

(Tone: Å, at jeg kunne min Jesus prise)

Eg vil så gjerne min Skapar love
for alle hans velgjerningar mot meg.
Om eg har synda, om eg har sove,
Han held si pakt og viser meg min veg.

Eg vil så gjerne min Frelsar prise.
Han lei og døydde for oss her på jord.
At eg er takksam, det vil eg vise.
Eg prøver leve etter ord og bod.

Eg vil så gjerne min Talsmann takke,
for kall til tru og teneste han gav.
Om alt som tyngjer, er tungt å snakke.
Men stormen stilne vil på livsens hav.

No vil eg takke for nye dagar,
og prise Skapar, Frelsar, Ande stor.
For støv og stjerner alt godt Gud lagar.
Av nåde blir vi med i lovsongkor.

Einar Helde, 2012

Ny hebraisk-arabisk bibel

Sist haust kom det ut ei nokså einestående bibelutgåve. For aller fyrste gongen vart det lansert ein tospråkleg bibel, både på hebraisk og arabisk. Denne bibelutgåva er resultat av eit samarbeid mellom Det israelske og Det palestinske bibelselskapet. Det er bibelselskapet i Noreg som melder dette. Og me legg til: I eit geografisk så konfliktfylt område – noko så gledeleg!

- red.

B
DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
NORGE P.P.

RETURADRESSE:
Stille Stunder
ved Berit Torp,
5286 Haus.

Tru du maa, at Retten vinner,
naar han rette Tidi finner;
men han trenger Verja god,
og det verder langt aa bida;
mang ein Harm du fyrst maa lida.
Berre hav eit tolugt Mod.

Ivar Aasen (1813-1896)

Du var så annleis

Av Hans Johan Sagrusten

Din veg gjekk over vatnet. Utan båt
var alle vegar stengt. Det tenkte vi.
Men du var aldri bunden. Du var fri.
Du gjekk på vatnet utan å bli våt.

I huset var det høglydt klagelåt
då Jairus sørgde over jenta si.
Men livet strøymde ut or handa di.
Du reiste jenta opp til gledegråt.

Du var så annleis; alltid noko anna.
Du var på veg dit ingen hadde tenkt
og gjorde det som ingen hadde trudd.

Du opna dører der det verka stengt.
Fyrst etter du vart borte, har vi sanna
at djupt i dine augo såg vi Gud.

Frå Evangeliesonettar» (Lunde Forlag 2012)

100 år 2003

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

101 år 1902 – 2003
Sunnhordland
Tel. 53 45 00 00

NYNORSK ANTIKVARIAT
www.nynorskantikvariat.no

Nynorsk Antikvariat AS
Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar
Arne-Ivar Kjerland
E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098